

Fjell kyrkje- blad

Nr. 2/21
INFORMASJON
Fjell, Foldnes og Landro sokn



OLAV MARTIN VIK
Tidlegare kyrkjeverje går
av med pensjon
s. 4

FASTEAKSJONEN
Årets fasteaksjon går til reint vatn,
og blir digital
s. 8

FOLDNES KYRKJE 20 ÅR
I forbindelse med 20-årsjubileet har
det blitt laga eit jubileumshefte!
Innstikk i midten

Leiar

Eit heilt år har gått sidan regjeringa trykte på den såkalla “store raude knappen,” og vi har måtta lært oss å leve eit liv utan handhelsing, klemmar og mingling. Koronarestriksjonar og smittevernreglar har i stor grad har teke frå oss mogelegheita til å vere nære kvarandre. Vi kjenner på at vi er inderleg leie og at dette verkeleg røyner på.

Likevel vil eg trekkje fram denne kjerneverdien for kyrkja: Takknemlegheit.

Studiar har vist at det å uttrykkje og oppleve takknemlegheit aukar opplevinga av håp, optimisme og kjensla av å vere fornøgd. I tillegg bidrar takknemlegheit til å redusere depresjon, angst, misunning og stress. I ein situasjon der vi føler oss pressa eller at vi held på å gå under, kan det altså vere til stor hjelp å prøve å finne grunnar til å vere takknemleg.

Annlaug Børve

Ansvarleg redaktør



Mi oppfordring når vi no skal over den forhåpentlegvis siste koronakneika, er altså å med alle krefter gå inn for å for å leggje merke til og takke for alt det gode vi er omgitt av. Sjå etter vårblomane, høyr på fuglekvitte, kjenn sola varme! Tenk over kva familie, vener og medarbeidarar betyr for deg, og fortel dei det! Og grunn på nåden, kjærleiken og frelsa vi har i Jesus.

Så vil eg nytte høvet til å uttrykkje eit hjartans takk til Olav Martin Vik. Etter ein lang og innhaldsrik karriere som mellom anna ordførar og kyrkjeverje, har han bestemt seg for å gå av med pensjon. Med dette er det ein markant, hardtarbeidande, godhjarta og dyktig leiar som gir seg i arbeidslivet. Eg takkar Olav Martin for tenesta og ønskjer han alt godt i sitt nye liv som pensjonist. Han kjem til å bli sakna i arbeidsfellesskapen.

Fem nummer

Fjell kyrkjeblad vil komme ut med fem nummer i år. Tidlegare har det blitt utgitt seks nummer. Endringa kjem til hausten med eit blad i slutten av september og eit blad i slutten av november/byrjinga av desember.



Personalnytt

Mona Iren Hansen (41) er tilsett i vikariat i Øygarden kyrkjelege fellestråd fram til og med mai 2021. Ho skal arbeide som kontor- medarbeidar med oppgåver som resepsjonsteneste og økonomiarbeid.

Innhald

INTERVJU MED OLAV MARTIN VIK.....	4-6
TAKK TIL OLAV MARTIN	7
ÅRETS FASTEAKSJON	8-9
AKSJON GODHEIT FOR 7. GONG	10
INNSTIKK: JUBILEUMSHEFTE FOLDNES KYRKJE 20 ÅR KONSERTAR I VÅR	11
BIBELTIMAR I FJELL KYRKJE	12
T-DAGEN, GLIMT FRÅ T8.....	14-15
GUDSTENESTE OVERSIKT	16
LIVETS LYS STARTAR OPP IGJEN TIL HAUSTEN	19

Kom til kilden

Denne dagen møter vi Jesus ved en brønn. Han har gått langt og er trett og tørst. Denne veien innom Samaria, bare måtte Han gå. Jesus sender disiplene sine av sted for å få tak i noe mat. Han selv blir igjen og setter seg ved denne brønnen. Det er midt på dagen og det er varmt.

Det kommer en kvinne for å hente vann. Dette er da noe utenom den tiden det er vanlig. Kvinnen har nok valgt dette tidspunktet for å slippe å møte andre. Hun har nok ikke noe ønske om å bli sett. Men denne dagen ser hun en fremmed mann sitte ved brønnen. Kanskje hun tenker med seg selv. Kan jeg gå dit nå? Hvorfor er han her? Vann må jeg ha, det trenger jeg.

Når hun kommer frem til brønnen, spør den fremmede. Kan du gi meg

litt vann å drikke? Kanskje hun blir litt usikker og spørrende, men våger å spørre. Hvordan våger du som er jøde og spørre meg, en samaritansk kvinne, om vann? Det er noe ved denne mannen som gjør kvinnen uredd og trygg. Han møter henne med ekthet og godhet, slik at de begynner å snakke sammen. I løpet av samtalen blir denne kvinnen modig og taler sant om livet sitt. Dette får hun honnør for. Jesus sier til henne.. «Her taler du sant». Jesus er også tydelig med henne og sier at hadde hun spurt han om å få drikke, skulle hun fått drikke det levende vannet. Og vi vet at kvinnen sier; «dette vannet vil jeg ha».

Har du møtt denne mannen som sier; Johs. 4.14b

«Men den som drikker av det vannet som Jeg gir, skal aldri bli tørst igjen. Dette vannet vil bli i menneskets indre som en vannkilde, og det skal strømme vann fra denne kilden som gir liv»

Hva gjør det med deg? Kjenner og opplever du denne omsorgen som er så total og overveldende?

En mann som ser og vet og samtidig erkjenner hele deg. En mann som ønsker å være nær deg. Denne Jesus er det vi får gå til i alle livets situasjoner.

Lær meg å komme til kilden, o Gud
Lær meg å drikke av kilden, o Gud
Lær meg å leve ved kilden, o Gud

Ellen Ebebsvik

Diakoniarbeidar og kyrkjetenar



–Har vore ei utfordrande og spennande tid

I haust gjekk Olav Martin Vik frå å vere kyrkjevevje til rådgjevar i Øygarden kyrkjelege fellesråd. No skal han pensjonere seg og me mimrar litt tilbake på den lange karrieren Olav Martin har hatt som politiskar og kyrkjevevje.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Korleis vil du oppsummere dine rollar innanfor kyrkjeleg verksemd, først i gamle Øygarden og sidan i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd?

Eg tok til som kyrkjevevje i gamle Øygarden i 2000. I slutten av det året vart eg vald til ordførar og tok til i den rolla frå 2001. I starten var eg både ordførar og kyrkjevevje. Eg kom tilbake som kyrkjevevje i 2011. Kyrkjevevje er ei leiarstilling. Det betyr at ein må ha oversikt over heile verksemda og syte for at organisasjonen fungerer. Me forvaltar også kyrkjer og gravplassar og har ansvar for gravlegging av alle døde i kommunen. Dei siste åra var eg kyrkjevevje i Fjell og Sund og til slutt i nye Øygarden.

Det har vore ei utfordrande og spennande tid, ikkje minst

dei siste åra med å slå saman tre organisasjonar, få den nye organisasjonen til å fungere og at medarbeidarane kunne kjenne seg trygge inn i den nye tida. For min del har dette gått bra, ikkje minst fordi eg har hatt ein flott stab å samhandle med. Det har også vore eit godt samarbeid med dei kyrkjelege råda og eg nyttar høvet til å takke dei for godt leiarskap.

Du var prosjektleiar for samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda i Øygarden, Sund og Fjell. Kan du fortelje litt om korleis den prosessen var for deg?

Saman med mine kollegaer initierte eg opplegget for prosessen. Me fekk tilslutning frå dei kyrkjelege råda for opplegget og starta arbeidet hausten 2017. Me la vekt på medverknad frå våre medarbeidarar. Det var

krevjande tider og ofte lange dagar. Verksemda vår skulle gå som vanleg og i tillegg skulle me slå saman organisasjonane. Igjen må eg berre vise til kyrkjestaben som la seg i selen og bidrog til at me hausten 2019 hadde lagt grunnen for det nye fellesrådet. Så er det slik at denne typen prosessar vil vare lenge etter at sjølve prosjektarbeidet er avslutta.

Kva har ditt engasjement som politiskar og tidlegare ordførar hatt å seie for arbeidet i dine kyrkjelege rollar?

Som politiskar og ordførar får ein oversikt og innsikt i mykje. Eg var politiskar i 25 år. Ein lærer å forstå og kjenne til korleis offentlege verksemdar arbeider. Ikkje minst som ordførar kjem ein tett på offentlig forvaltning. Min politiske bakgrunn har vore god å ha inn i rolla som





kyrkjevevje både som leiar, men også når vanskelege saker skulle handterast. Ein skal også forstå si rolle i høve til dei kyrkjelege råda (fellesråd og sokneråd) og kven som bestemmer til slutt. Det lærer ein som polititar.

Kva tenkjer du er viktig for at kyrkja skal opplevast som levande og relevant for folk i Øygarden?

Det er å ha opplegg som møter folk med utgangspunkt i deira behov. Lenge kunne våre tilbod vere statisk og like over lang tid. Me kjenner sikkert alle på at samfunnet endrar seg raskare enn før og her må me følgje med. Eit døme er at me i mars 2020 måtte ta i bruk digitale plattformer for å nå ut til folk. Eg trur også at det er viktig at me er tydeleg i bodskapen vår i møte med menneske. Me skal ikkje gå på akkord med det som er kyrkja si eigentlege rolle. Det tener ingen.

Dersom du ser bakover på karrieren din, er det hendingar du

ser på som spesielt minnerike og som kan gje håp og inspirasjon til kyrkja si verksemd inn i framtida?

I mine to første jobbar i næringslivet hadde eg to tøffe leiarar. Det var ein tøff skule, men eg lærte også av dei at medarbeidarane skal takast godt vare på. Det har eg prøvd å etterleve. Medarbeidarane mine vil eg trekke fram som eit godt minne. Eg har hatt eit godt samarbeid med kommunane i rolla som kyrkjevevje og vil takke det kommunale leiarskapet. Det har vore store og små hendingar. Små hendingar er av og til like viktige som dei store. Den norske kyrkje er eit trussamfunn. Me er også gravferdsmyndigheit på vegne av stat og kommune. Summen av opplevingar vert mange og det er vanskeleg å trekkje fram eit enkelt døme.

Eg gler meg over kyrkjerom som fyllest opp av menneske i alle aldrar når ein møtest til gudsteneste, eller når foreldre kjem med borna til babysong, for å nemne noko. Alle dei

som deltek på leirane våre gler meg også. Det er fint når kyrkjerommet vert fylt opp av menneske som møter fram i gravferder. Eg trur mange kjenner det trygt og godt når ein kjem inn i kyrkjene våre, også når sorga rår. Dei fleste gravferdene følgjer kyrkja si seremoniordning.

Summen av alt som skjer må gi inspirasjon for framtida, ikkje minst for kyrkjelydane lokalt.

Du er snart pensjonist, har du nokon planar for tida framover?

Det har vore lange arbeidsdagar i mange år. Eg har vore frivillig medarbeidar og var politisk aktiv i 25 år. Eg tenkjer at no vert det godt å ikkje ha avtaleboka full og ser eigentleg fram til å vere eigen herre over dagen. Så vert det nok meir tid til familien. Eg likar også å arbeide fysisk og kvir meg ikkje for tunge tak. Det ventar arbeid både i og utanfor huset og i naustet. Det viktigaste er å få ha ei god helse, noko me ikkje har garanti for.

Takk, Olav Martin!

Helsing frå Dag-Olav Bjørøy, leiar i fellesrådet

Olav Martin har bak seg lang fartstid som kyrkjevevje i gamle Øygarden. Da Fjell hadde behov for kyrkjevevje i ein periode, tok han den oppgåva – og då Sund straks etter fekk same behovet, tok han sanneleg Sund òg. Vi har vore storleg imponerte over Olav Martin sin arbeidskapasitet og gjennomføringsevne samtidig som han har vore nøyaktig. Han har analysert og forbetra, han har rydda og motivert – og han har vore eksemplarisk tydeleg. Da vi fekk ein pandemi tredd ned over oss, starta han med ein gong med å gi klåre lokale retningslinjer. I sin lett formelle stil har han vore lett å ha med å gjere, både for tilsette og for fellesrådet.

Vi ønskjer Olav Martin lukke til som pensjonist (og vi har alltid plass til han som frivillig).

Helsing frå Anlaug Børve, kyrkjevevje

Eg har hatt glede av å samarbeide med Olav Martin i fleire ulike samanhengar. Først då han var ordførar i Øygarden kommune og eg var tilsett som jurist, seinare då vi begge var kyrkjevevjer i kvart vårt

fellesrådsområde, og til sist under og etter samanslåinga av fellesråda.

Olav Martin er ryddig til fingerspissane. Han er jordnær, alltid i forkant, kunnskapsrik, tydeleg og påliteleg. Samtidig har han eit varmt hjarte og omsorg for dei han har rundt seg. I leiarskap og arbeid skin det gjennom at trua og takknemlegheit for nåden og frelsa i Jesus Kristus er eit ankerfeste for han. Olav Martin set gode spor etter seg både i kommunen og i kyrkja. Det er vemodig at han no går av med pensjon, og han kjem til å bli sakna. Samtidig er ein rolegare livsfase som pensjonist han vel unt! Eg takkar Olav Martin for lang og tru teneste, og ønskjer han alt godt for dagane som kjem.

Helsing frå Espen Tveten, sokneprest i Hjelme og Blomvåg

Det vil merkast at Olav Martin sluttar som kyrkjevevje. Over ein periode på 8 år har eg lært han å kjenne som ein god og samvitsfull person – eg vil sakna han. Olav Martin har stor arbeidskapasitet, hans kunnskap er allsidig og han har oversyn over mange saker. Han har «orden i

sysakene» for å bruke eit av hans eigne uttrykk. Han er ein tydeleg leiar og menneske rundt er sjeldan i tvil om kva han vil formidla. Ei side ved Olav Martin eg har sett særleg stor pris på, er at han ofte kjem attende til vårt eigentlege oppdrag som kyrkje. Det er å forkynne frelsa i Jesus Kristus. Uavhengig av kva slags funksjon ein har i kyrkje, vil dette alltid vere hovudoppgåva. Eg ynskjer han ei velsigna pensjonisttid og velkomen over i rekka av uløna medarbeidarar.

Helsing frå Yngvild Mørner Sørheim, redaktør i Fjell kyrkjeblad

Olav Martin har i fleire år vore redaktør for Fjell kyrkjeblad og ØyNytt, og me har hatt eit svært godt samarbeid i produksjon av blada. Då eg var nyutdanna grafisk designer og skulle byrje som informasjonsmedarbeidar i gamle Fjell kyrkjelege fellesråd tok han godt imot meg. Eg vil takke han for samarbeidet og god opplæring! Han har vore ein presis og stabil leiar som alltid har hatt eit godt innblikk i alt som skjer. Eg kjem til å sakne å jobbe med han. Med dette ønskjer eg han ei riktig god pensjonisttid!



STØTT ÅRETS FASTEAKSJON

For **250 kr** kan du gi ett menneske sikker tilgang til rent vann livet ut!

Vipps til 2426

(velg *Send*)

SMS **VANN** til **2426** (250kr)
Kontonummer: **1594 22 87493**

Pengene fra fasteaksjonen går til hele Kirkens Nødhjelps arbeid.

Tusen takk for støtten!



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Fasteaksjonen.no

No hastar det å forandre. For andre.

Aldri før har reint vatn vore så viktig som i 2020. Då heile verda havna i krise var det godt å ha mange års erfaring, kunnskap og arbeid med vatn i ryggen. På rekordtid kunne Kirkens Nødhjelp bygge handvaskstasjonar, køyre ut bilar med vatn og drive opplæring i hygiene for å førebygge covid-19.

TEKST: BEATE SØRHUS
FOTO: JASON MULIKITA/FAIRPICTURES

Dessverre står vi overfor mange utfordringar i 2021 òg. Fleire land møter no si andre bølge av pandemien. Vi har sett Malawi grave massegraver, sjukehus fyllast opp og land stengt ned.

Akkurat no gjer kyrkjer over heile Noreg seg klare til å gjere ein forskjell. Til å forandre noko for andre. Det gjer vi gjennom å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 8.-23. mars.

Må stå saman

Pandemien har satt fattige land mange år tilbake og i tillegg har dei stått i mange kriser samtidig. For Covid-19 bryr seg ikkje om at Nilen fløymer over og tek med seg hus, eigedelar og åkrar fulle av grønnsaker. Viruset bryr seg ikkje om tørke, om du er på flukt frå uro i Tigray eller har flykta frå konflikter i Kongo. Det bryr seg ikkje om du ikkje har vatn, mat eller ein stad å bu.

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon handlar i år om å gi reint vatn til menneskjer i nød. Vatn forandrar liv. I eit halvt hundreår har norske kyrkjer

strukke ut ei hand til menneske i nød gjennom Fasteaksjonen.

Pandemien har verkeleg vist oss verdien av samarbeid. Verdien av å stå saman når krisa ramar. Både her heime og i landa Kirkens Nødhjelp jobbar. For medan alt har vore stengt, har Kirkens Nødhjelp kome fram med hjelp takka vere gode partnarar på bakken.

Drakk vatn dei vaska klede i

I årets aksjon møter vi Champo og familien hennar i landsbyen Kasalaulo i Zambia, der ein vannpost har endra livet til innbyggjarane. Dei hadde ikkje vatn, og drakk vatnet dei vaska klede i, nemleg den næraste elva. Mange var sjuke som følgje av skittent vatn.

For to år sidan fekk dei ein vannstasjon og kan hente reint vatn når dei vil. Vatnet har vore ekstra viktig i førebygginga av pandemien. Reint vatn forandrar liv – på meir enn ein måte. Vi treng reint vatn å drikke, men vi treng òg reint vatn for å halde oss reine og hindre spreiding av sjukdomar. Grundig handvask med såpe og reint vatn er faktisk ein av dei billegaste måtane å redde liv på.

Ordet «dugnad» vart flittig brukt i året som no er bak oss. Og vi håpar de alle også er med på dugnaden som startar no – nemleg Fasteaksjonen 2021.

Fordi ein global pandemi krev global solidaritet og handlekraft. Saman kan vi forandre. For andre.

Ung dugnad

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon er ein fantastisk dugnad for rettferd. Kvart år har konfirmantane våre gått frå dør til dør med bøsse. I år blir Fasteaksjonen digital, og alle konfirmantane er med som digitale bøsseberarar.

Dette er ein dugnad vi vil invitere deg med på! Både å gi pengar til Fasteaksjonen, og å dele den digitale fastebøssa vidare. Både Fjell, Foldnes og Landro kyrkje har innsamling på sine facebook-sider. I tillegg går det an å gi på Vipps, sms eller kontooverføring.

Vi håpar du vil vere med på Fasteaksjonen 8.-23. mars!

www.kyrkja.no/oygarden/fasteaksjonen

Aksjon Godheit for 7. gong

–Vi vil setje av tid til å spreie godheit fordi vi trur at små ting gjort i kjærleik kan forandre verda! Godheitsaksjonen 2021 vert tre ettermiddagar i mai- kvar dag kl. 17-20.



–Vi vil bruke tre ettermiddagar i mai for å vere med å spreie glede og for å gjere verda til ein betre stad, seier dei ansvarlege for Aksjon Godheit 2021 frå kyrkjelydane i Saron, Metodistkyrkja, Fjell, Foldnes og Landro.



Tre ettermiddagar i mai tilbyr vi gratis assistanse med oppgåver som til dømes:

- husmaling utandørs
- husvask utandørs
- plenklipping
- hekkklipping
- bilvask på parkeringsplassen ved Fjell kyrkje
- montering av hagemøblar
- rydding i hagen og liknande praktiske oppgåver

Vi prioriterer hjelp til eldre menneske, einslege forsørgjarar og innvandrarar, men også andre kan melde inn ønskja sine. Dette gjer ein ganske enkelt ved å sende ein e-post til post.oygarden@kyrkja.no eller ved å ta ein telefon til kyrkjekontoret på nummer 400 03 316.

Om du kan tenkje deg å **delta som medhjelpar** på Aksjon Godheit 2021, kan du melde deg på på same måten - anten via e-post til post.oygarden@kyrkja.no eller på telefon 400 03 316.

Jubileumshefte

Foldnes kyrkje 20 år

Gratulerer med jubileet!

Helsing frå Tom Georg Indrevik, ordførar

Eg vil på vegner av Øygarden kommune gratulera med 20 årsjubileet.

Foldnes kyrkje er en viktig institusjon i kommunen både for den daglege brukaren og ikkje minst for alle som av ein eller annan grunn går forbi eller berre er innom.

Sidan opninga for 20 år sidan har kyrkja styrkt posisjonen som samfunnsbyggjar gjennom alle de ulike aktivitetane ho gjev rom for. Tidlegare Fjell kommune og no Øygarden kommune har på mange måtar hatt stor glede av bruka av Foldnes kyrkje. Døme på dette er barnehage, konsertar og andre arrangement.

Men kyrkja har også fått ei meir sentral plassering reint fysisk. Sentrum kjem stadig nærare gjennom auka utbygging. I tillegg markerer kyrkja starten og slutten av kyrkjevegen mellom Foldnes og Hjelteryggen. Det gjer at langt fleire får eit forhold til sjølve bygget og område rundt gjennom den mykje brukte turvegen.

Men bygget er berre ei ramme for aktivitet. Gjennom alle disse 20 åra har det vore fylt av ulike aktivitetar. Det er imponerende å sjå korleis ein på eine sida har klart å halda fast på tradisjonane, medan ein på den andre sida har klart å skapa aktivitetar som også appellerer til nye generasjonar.

Eg håpar og trur at Foldnes kyrkje også de neste 20 åra vil halda fram med å styrkja stillinga i lokalsamfunnet og bera våre grunnleggjande verdiar og tradisjonar vidare.

Lukke til med jubileet.

Kyrkja med den store kjærleiken

Helsing frå Annelaug Børve, krykjeverje

«Foldnes kirke – er det kirken med den store kjærligheten?» Denne heidersskildringa vart ein gong gitt Foldnes kyrkje av ei lita jente. I hennar auge forma det vakre glasmaleriet framme i kyrkja ein enorm kjærlighet på pinne.

Og visst er Foldnes kyrkje kyrkja med den store kjærleiken! I 20 år har kyrkja samla folk i glede og sorg, høgtid og kvardag. Barn, unge og vaksne har funne fellesskap på gudstenester, formiddagssamlingar, i mannsgruppa og hos basarkvinnene, på Tru og Lys, på ungdoms-laurdag, Kluzz og på Ramp. Vakre tonar og glade rytmar har fylt både kyrkja og området rundt. Kyrkja innbyr til alt frå klattring opp klokketårnet til stille bøn og ettertanke.

Og alt som fyller huset byggjer på den store kjærleiken. Ønsket om å inkludere, å vise omsorg og nærheit og formidle at kvart enkelt menneske er elska og har uendeleg verdi pregar både arbeidet og menneska i kyrkja. Ei varm takk til kvar enkelt i kyrkjelyden for dette!

Gratulerer med 20-års jubileet!

Foldnes kyrkje, frå ide til vigsling

Perioden 1975 -2001.

Av: Erling Kopperud og Harald Rød

Første dokumenterte tanke om kyrkje på Litle Sotra finn vi i arealplan for Straumeområdet frå 1975. Dette var ein del av generalplanen som var gjeldande frå 1976. Lengst nord i denne planen, mot bustadfeltet Åttringen og Foldnes skule, var det sett av område til gravplass og kyrkje.

Ønske om gravplass og kyrkje hadde vore framme i innspel til planen frå soknerådet si side. Ikkje minst fekk det merksemd at det var lite areal og få gravplassar knytt til Fjell kyrkje. Med den store folketsutviklinga ein såg på Litle Sotra, skjøna ein at det burde planleggjast ein gravplass i området, og at det hasta. Arbeidet med denne gravplassen vart starta opp kort tid etter at generalplanen var vedteken.

Frå kyrkja si side kom ønske om kyrkje på Litle Sotra til uttrykk frå sokneprest Jakob Utkilen under helsinga hans ved innviinga av Landro kyrkje i 1977. Då utfordra han soknerådet og kommunepolitikarane til snarast å starta neste kyrkjeprosjekt. Det måtte vera kyrkje på Litle Sotra.

I 1978 organiserte sokneprest Utkilen ein Kyrkjering knytt til Foldnes-/Straumeområdet. Denne gruppa skulle arbeida med gudstenestelege møte og andre samlingar for kyrkjelydsbygging.

Soknerådet vidareførte dette ved å oppretta «Kyrkjelydsutvalet for Straume» i 1982. Dette utvalet skulle føra arbeidet vidare og fekk i tillegg oppgåva med å arbeida for kyrkjebygg i området.

Arbeidet resulterte i tre kvinneforeningar med felles årleg basar. Elles vart det organisert nokre bibelgrupper og eit kor. Det vart og arrangert regelmessige gudstener, først på Sotraheimen, så på Foldnes skule, og i den siste perioden i kulturhuset på Straume. I tillegg vart det gjennomført ei rekke store arrangement og festsamlingar på Sartortorget. Mange engasjerte frivillige deltok i alt dette.

Eit viktig mål var å samla inn pengar til ny kyrkje. Samla resulterte dette i 10 000 000 kr medrekna private gaver og gode renter i desse åra.

Den gruppa som arbeidde med kyrkjeplanane, gjorde eit stort arbeid. Dei fekk arkitekt-teikna og kostnadsrekna eit kyrkjebygg. Det vart etablert og godkjent ei «stifting» som skulle eiga tomt og bygg. Men kommunen måtte visa velvilje for prosjektet ved å overføra tomten til Soknerådet/Fellesrådet, og kommunen måtte løyva sin del til prosjektet. Soknerådet fremja dette i sine budsjettframlegg, men det fekk ikkje fleirtal i kommunestyret.

I 1994/1995 kom det opp andre planar for kyrkjetomta. Det var ikkje lenger sjølvstøtt at kommunen ville overdra tomten til kyrkjebygg.

I 1994 selde kommunen aksjane sine i Sotra kraftlag til BKK. Dette tilførte kommunen mange millionar, og spørsmålet var korleis desse midlane skulle forvaltast. Eit fleirtal vedtok å ikkje bruka desse midlane, men setja

pengane i aktiv forvaltning. Samstundes ville ein realisera tre prosjekt. Det eine var idrettshall på Ågotnes, det andre var utvikling av idrettsparken på Søre Straume og det tredje var kyrkje på Litle Sotra. Dette fekk fleirtal i budsjettvedtaket.

Men ein del grupper sette nokre vilkår. Det eine var at kyrkja måtte byggjast på Sotraheimstomta. Kommunen hadde kjøpt den vel 70-måls store tomten av Santalmisjonen.

Kjøpet av Sotraheimen og kommunestyret sitt budsjettvedtak i 1994 skulle visa seg å få avgjerande innverknad på kyrkjeprosjektet på Litle Sotra. Då ordføraren tok opp saka med soknepresten, var også behovet for utviding/ny gravplass med i grunngevinga for plassering av kyrkja. Det var ikkje mykje plass til utviding av gravplassen på Straume, men den store Sotraheimstomta kunne gje plass både til kyrkje og ny kyrkjegard.

Det var knytt store forventningar, sterke kjensler og mykje arbeid til teikningar og planar for å få ei ny kyrkje på tomten mellom Fjell sjukeheim og Foldnes skule. Difor var dei nye planane ei krevjande endring for mange. Men initiativet frå kommunen gav kyrkjelyden eit realistisk håp om å få bygt ei kyrkje på Litle Sotra, som det var så stort behov for. Drøftingane om kyrkjesaka førte til at soknerådet gjorde vedtak om å slutta seg til forslaget om å byggja kyrkja på Sotraheimstomta. Vedtaket i soknerådet

fekk og tilslutning fra eit klart fleirtal i soknemøtet.

Det vart sett saman ei byggenemnd med like mange kommunale som kyrkjelege representantar. Lars Lie var leiar, og han la ned eit stort arbeid i kyrkjeprosjektet. Det er vi svært takksame for. Ein visjon for den nye kyrkja vart laga. Etter forslag frå kyrkjebyggkonsulent Finn Bårdsen, vart det etablert fleire forskjellige «brukargrupper» som skulle gje innspel til korleis kyrkja kunne få tenlege innvendige planløyvingar.

Det var fleire milepælar i utviklinga av prosjektet. Dei ulike delane av saka som kom til handsaming i kommunestyret, fekk fleirtal. To sentrale saker var det knytta stor spenning til. Det var varsla at nokre representantar ville røysta mot.

Den første var saka om å godkjenna reguleringsplan for kyrkje på «Sotraheims-tomta». Den andre saka var endeleg handsaming av kostnad og finansiering av kyrkja. Då sakene kom opp til røysting, vedtok kommunestyret begge desse sakene samrøystes. Kommunestyret markerte på denne måten at heile kommunestyret stilte seg bak kyrkje på Foldnes.

Samarbeidet mellom kyrkje og kommune skapte eit engasjement for å byggja ei kyrkje som skulle bli eit «symbolbygg» der ho ligg som «borga på berget» og speglar seg i Skiftedalsvatnet,

- ein stad der himmel og jord møtest - ein stad for tilbeding og fellesskap.

Det var ein høgtidsdag då Foldnes kyrkje vart vigsla søndag 22. april 2001.

Bli kjent med nokon frå soknet!

1. Kor lenge har du/de vore med i arbeidet i Foldnes kyrkje?
2. Kva sett du/de mest pris på i kyrkja?
3. Har du nokre høgdepunkt som du/de har lyst til å fortelle om?
4. Har du/de nokon håp for kyrkja framover?

Maria Tveten, sokneprest



1. Vi flytta til Sotra i 2012 då eg fekk jobb som ungdomsprest i gamle Fjell kommune. Då blei eg ein del av det varierte ungdomsarbeidet i Foldnes kyrkje. For tre år sidan fekk eg stillinga som sokneprest her.

2. Eg set absolutt mest pris på gudstenerene når alle generasjonar er samla. Vi er ulike i alder, bakgrunn, meningar og erfaring, men vi er samla på søndag. Serveringa på kyrkjekaffien i Foldnes er dessutan helt fenomenal!

3. Fleire gonger går eg frå kyrkja og kjenner meg nærast euforisk av glede. Eit av mange høgdepunkt var då eg passerte ei gruppe menneske etter ein tirsdagsmiddag på KM kluzz. Ein av dei som eg ikkje ser så ofte på søndag formiddag, ropa etter meg: «Ha det, presten vår!» Foldnes er ein stor kyrkjelyd, mykje større enn dei som kjem til gudstenerne, og eg er prest for alle dei. Det var så fint at han hadde skjont at eg var presten hans og!

4. At kyrkjebygget i endå større grad kan møte dei ulike behov som finns i soknet, og at vi også ser utover vår eiga kyrkje og vårt

eige land. Eg håpar at gudstenerne kan veksa slik at fleire kan få ta del i fellesskapet, og at kyrkjelyden kan vere ein arena kor ein kan få læra, veksa, le og gråte, bruka styrkane våre og våge å vere svak. Ja, at Foldnes kyrkje kan vere ei plass for alle dagane våre.

Magnus Straume



1. Jeg har vært med i arbeidet i Foldnes kyrkje siden oktober i 2020. Jeg var konfirmant ifjor og ble med på LED i høst.

2. Jeg setter pris på at vi kan være sosiale på ulike arrangement. Det er alltid god stemning og alltid noen å snakke med. Jeg setter også pris på dåp og konfirmasjon, og de fine tradisjonene rundt seremoniene.

3. Jeg synes lederweekenden var veldig kjekk og måten den ble gjennomført på var bra. Jeg har også hatt mange gode opplevelser på fine T-dager, spesielt T12 Lys Våken. Den husker jeg som det var i går!

4. Jeg håper at blant annet konfirmantene får fine opplevelser som de husker når de blir eldre.

Per Helge Refvik, leiar i soknerådet



1. Min familie flyttet til Sotra høsten 2008, og vi fant oss raskt til rette på gudstjenestene i Foldnes kyrkje. Vi ble med i søndagsskole, KM Kluzz og husgruppe, og ble etter hvert kjent med mange kjekke folk.

2. Foldnes kyrkjelyd består av ulike mennesker i alle aldre, og det er alltid kjekt å feire gudstjeneste sammen. Det er en fin variasjon på gudstjenestene og det er mange som bidrar underveis med ulike oppgaver. Dette synes jeg er flott! Vi er også heldige som har flinke sangere og musikere. Her er alt fra ungdomskor med band, jazzgudstjenester, lovsang og orgelmusikk. Vi er også velsignet med flinke prester som er gode til å formidle.

3. Det har vært mange høydepunkter de siste årene:

- RAMP-arbeidet med besøk av flinke foredragsholdere som Ingvard Wilhelmsen, Jan Erik Larssen fra Autofil, Henrik Syse m.fl., med interessante foredrag og et godt husband.
- Variert musikalsk program, for eksempel jazzkonsert med Tord Gustavsen, stemningsfulle julekonserter og konserter med vår eget husband fra RAMP.
- Familiegudstjenester og Ung messe med Lukas tensing, barnekor og mange barnefamilier
- Menighetsweekender på Skjergardsheimen

4. Jeg håper at kirken vår også fremover skal være relevant for folk flest. I tunge, vanskelige tider kan kirken formidle tro, håp og kjærlighet. Jeg tror dessuten at mange kommer hit for å markere de store begivenhetene i livet, som dåp, konfirmasjon, bryllup og begravelse. Vi har behov for å kjenne på at det er noe som er hellig og større enn oss selv. Jeg håper kirken kan være en naturlig plass å søke til for å finne dette.

Lene og Gunnar Innerdal



1. Vi har vært innovert og til på gudstjenester og T-dager over lengre tid, og begynte å gå fast til gudstjenester i Foldnes med hele familien høsten 2018. Gunnar ble med i soknerådet i høsten 2019 og er med som søndagsskolelærer og vikarorganist en gang i blant. Lene er forsanger, delvis sammen med barna.

2. Fellesskapet i vakre gudstjenester og variert opplegg for barn og unge.

3. Karnevalsgudstjenesten i februar 2020 var et flott minne med mye liv, folk, musikk, gøy og glede før vi fikk koronaen i fleisen. Dessuten var den første nattverden på lenge nå nylig en veldig flott opplevelse.

4. Vi håper Foldnes kirke skal være et godt sted å være, et sted der evangeliet om Jesus blir forkynt slik at alle blir møtt av Guds kjærlighet. Et sted for fellesskap og vekst i kjærlighet til Gud og hverandre.

Åshild og Ole-Johan Bårdsen



1. Vi har vært med fra det ble tatt initiativ til å bygge kirke på Litle-Sotra på starten av 80-tallet. Det ble dannet en menighet her som holdt gudstjenester i kulturhuset på Straume. Alt måtte rigges opp og ned etter hver gudstjeneste og behovet for en ny kirke var stort. I de neste årene var der stor aktivitet i ulike grupper for å samle inn penger ved bl.a. festkvelder på Sartor, basarer, kronerulling, hesteridning, rebusløp og stolaksjon. Komiteer, menighetsråd og etter hvert "Stiftelsen ny kirke på Straume" ble dannet. Vi var begge engasjert i dette arbeidet.

2. Vi har satt stor pris å være kirkeverter. Vi får møte folk i døren, hilse på nye, ta imot dåpsfamilier og dele ut nattverd.

3. Innvielsen av kirken, alle ansatte vi har møtt gjennom disse 20 årene, og TV-sendinger fra Foldnes kyrkje i påsken for 3 år siden. Det å få være med og bygge Foldnes kyrkje er et høydepunkt, både som leder i stiftelsen og senere medlem i byggekomiteen og kunstkomite.

4. Vi har en ny og moderne kirke, med gravplassen like i nærheten. Kirken fungerer fint både for unge og gamle, og har mye god sang og musikk. Alt ligger til rette for en allsidig bruk av kirken i fremtiden.

Salmekveld
Onsdag 7. april kl. 19
i Fjell kyrkje

Med Malgorzata Anna Tveit på
orgel/piano og solistar!

DEN NORSKE KYRKJA
Oygarden kyrkjelege fellesråd

Konsert i Fjell kyrkje
søndag 11. april kl. 18.00

Norsk folkemusikk

Eva Marie Skjeldrum Toppe - hardingfele
Eirik Børsheim - piano
Terje Børsheim - saxofon
Malgorzata Anna Tveit - orgel

DEN NORSKE KYRKJA
Oygarden kyrkjelege fellesråd

JAZZ-GUDSTJENESTE

Søn. 21. mars. kl. 11.00
i Landro kyrkje

Band:
Eline Olsen - flygel
Rune Landro - sax
Anne Kristine W. Turøy - trompet
Torleiv Jarland - trombone
Erlend Gjøn - bass
Odd Magne Johansen - trommer

Prest:
Bjarte Nese

Forsongarar:
Lars Erik Lotsberg
Laila Linde Lossius

Kollekt

Arr: Kyrkja

FOLDNES KYRKJE 20-ÅRSJUBILEUM

Triokonsert
med Marthe Wang

Fredag 16. april kl. 19.30
Foldnes kyrkje

Billetter på ticketco.no

DEN NORSKE KYRKJA
Foldnes sokn

Bibeltimar i Fjell kyrkje våren 2021

Våren 2021 ynskjer vi i Fjell kyrkje å ha eit djupare fokus på Bibelen, og det Bibelen har å seia for kristne.



Serien startar med å sjå på kva som er spesielt med Bibelen. Kva bok er dette? - Korleis er ho blitt til og overlevert fram til i dag? Deretter vil vi ha ein bibeltime som tek for seg samanhengen mellom Det gamle- og Det nye testamentet. (GT- NT) Der vil vi fokusere på korleis Jesus og læresveinane brukte og stilte seg til innhaldet i GT.

Vidare vil vi ha ein time som fokuserer på under og teikn i Bibelen. Kan vi stola på at undra verkeleg har hendt? Kva betyr under for kristentrua, og kva har synet på under å seia for kor ekte resten av bodskapen i Bibelen er?

Endeleg vil vi avslutta serien med ein time som tek for seg Bibelen og trua sin plass i heimane våre.

Alle bibeltimane vil bli sendt direkte / strøyma på facebookside til Fjell kyrkje, kl. 19.30.

• Onsdag 10. februar – Bibelen.

Denne kan du sjå på nettsida vår: kyrkja.no/fjell/bibeltime

• Onsdag 10. mars – Forholdet mellom Det gamle- og Det nye testamentet.

Denne kan du sjå på nettsida vår: kyrkja.no/fjell/bibeltime

• Onsdag 14. april – Underforteljingane sin plass og kva dei har å seia i Bibelen.

• Onsdag 12. mai – Bibelen og trua sin plass i heimen

Ein kveld med fokus på misjon

Du er hjarteleg velkomen til Fjell kyrkje onsdag 21. april kl. 19.30.

Som kjent så er Thailand og Laos misjonsprosjektet til Fjell sokn.

Denne kvelden kjem Marit Ngamchalad på besøk. Ho starta opp skuleprosjektet for fattige barn i Laos for ein del år sidan og er framleis den som leiar prosjektet.

*Fjell sokneråd,
v/diakoniutvalet*

Opne mini-konsertar i Fjell kyrkje

Velkommen til korte konsertar ved Malgorzata Anna Tveit og solistar! Dei vil vere ca. ein gong i månaden frå kl 17.00 til 17.30.

Onsdag 31. mars

Onsdag 28. april

Onsdag 26. mai

Onsdag 23. juni

Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule: Under fleire gudstenester i semesteret. Bli annonsert. Kontakt: Elisabeth M. Jung tlf. 930 64 205
Bibel, bønn & lovsong: Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
KM Kluzz: Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
RAMP: Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
Foldnes barnespel: Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Aasmund Brekke tlf. 995 63 706
Treff i Foldnes: I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
Lilleørdag: For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016
Lukas Ten Sing: Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Anne Ådland tlf. 953 63 630
Ungdomslørdag: Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria A. Stokke tlf. 938 06 984
Mannsgruppa: Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
Basargruppa: Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule: Under fleire gudstenester i semesteret. Bli annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
Kveldsbøn: Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
Morgonbøn: Kvar onsdag kl. 07.00–07.20. Kontakt: Morten Trosvik tlf. 909 37 169
Tweensklubben: Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgne Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646
Vokalensemblet Sotra reviderte: For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
Fjell kyrkjebrass: Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Anne-Grethe Sangolt Hagenes tlf. 452 19 710
Fjell barnekor: Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Onsdagsmøte: I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706
Taco-fredag: Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00 (Er no på koronavent) For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
Nordre Fjell Barnekor: 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
Tweenskor: 5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
Treff i Landro: I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
Ungdomsklubb: I kyrkjelydssalen nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437

Soknemøte i Landro sokn

Det vert soknemøte i Landro kyrkje 11. april, like etter gudstenesta.

Informasjon om arbeidet i soknet

Årsmelding 2020

DEN NORSKE KYRKJA

Årsmeldingar

Årsmeldingane 2020 til Fjell sokn og Foldnes sokn ligg tilgjengeleg på nettsidane. Årsmeldinga til Landro sokn vert lagt ut før søknemøtet 11. april.

www.kyrkja.no/fjell/soknemote

www.kyrkja.no/foldnes/soknemote

www.kyrkja.no/landro/soknemote



Laurdag 13. februar var det T8. T-dagen vart gjennomført på ein litt annleis måte med "drive through" ved Foldnes kyrkje. Her fekk alle som kom ein pose med aktivitetar dei kunne gjere heime og eksempel på ulike typar bønner. Dei fekk mellom anna telysestakar dei kunne male og oppskrift på å bake bønnekringler.

Foto: Oddvar Jakobsen, Martha Nybakk, Bjarte Nese og T-dagen

Velkommen på T-dagar!



T13 Forsoning

T13-dagen er flytta til laurdag 20. mars, og er i år for både 2007 og 2008-kullet. Vi er i området ved Foldnes kyrkje. Det blir mange gøye friluftaktivitetar. Følg med på facebook for meir info. Velkommen!



T12 Lys Vaken

Helga 17.-18. april planlegg vi å ha «T12 Lys Vaken» i Landro kyrkje. **NB!** Dette er eit tilbod til dei som skulle ha vore på T12 sist haust, altså dei som er fødte i 2008.



T5 Hyrden

Tysdag 20. april er det tid for T5-dagen, for dei som er fødte i 2016, og det skjer i Foldnes kyrkje.



Innhald, form og fasong på både T12 og T5 må vi kome tilbake til når det nærmar seg, for vi må sjølvstakt ta omsyn til alle gjeldande smitteverntiltak. Men vi har trua på at det skal bli ei god oppleving for dei som er med.

Det vil kome meir utfyllande info om desse T-dagane etterkvart.

Det er difor veldig viktig å følgje med på nettsidene våre:

www.kyrkja.no/t-dagen

Vi er òg på **Facebook**, og der vil du finne oppdatert info når T-dagane nærmar seg.



Babysong



Fjell kyrkje

Måndagar kl. 12.30-14.30, i regi av Åpen barnehage. Påmelding pr. sms til tlf. 975 78 956

Foldnes kyrkje

Måndagar kl. 11-12.

Påmelding pr. sms til Elisabeth 930 64 205

Landro kyrkje

Følg med på Åpen barnehage si Facebookside.

Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 21. mars	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Nattverd	
Palmesøndag 28. mars	11.00	Familiegudsteneste	Jan Tommy Fosse	Dåp	
Langfredag 2. april	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik		Kirkens bymisjon i Bergen
1. påskedag 4. april	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Sjømannskirken
Søndag 11. april	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 18. april	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp	FUNK
Søndag 25. april	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 2. mai	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Amathea
Søndag 9. mai	11.00	Gudsjeneste	Knut Kaldestad	Nattverd	Bildøy Bibelskole
Måndag 17. mai	11.00	Familiegudsteneste	Morten Torsvik		Søndagsskolen/eige arbeid trusoppl.
1. pinsedag 23. mai	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Misjonsprosjekt Thailand/Laos

Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 21. mars	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Kirkens Nødhjelps fasteaksjon
Palmesøndag 28. mars	11.00	Familiegudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	NMS Thailand/DNI - Jesu døtre
Langfredag 2. april	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten		
1. påskedag 4. april	11.00	Høgtidsgudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 11. april	11.00	Familiegudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	NMS Thailand/DNI - Jesu døtre
Søndag 18. april	11.00	Jubileumsgudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 25. april	19.00	Kveldsgudsteneste		Nattverd	Åpne Dører
Søndag 2. mai	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Normisjon
Søndag 9. mai	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 16. mai	11.00	Gudsteneste	Jan Tommy Fosse	Dåp og nattverd	
Måndag 17. mai	11.00	Familiegudsteneste	Knut Kaldestad		Stefanusalliansen
1. pinsedag 23. mai	11.00	Høgtidsgudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Sjømannskirken

Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 21. mars	11.00	Jazzgudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Kirkens Nødhjelps fasteaksjon
Palmesøndag 28. mars	11.00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Basecamp
Skjærtorsdag 1. april	11.00	Høgmesse	Morten Torsvik	Nattverd	
1. påskedag 4. april	11.00	Gudsteneste	Jan Tommy Fosse	Nattverd	Misjonsprosjekt med NMS i Thailand
Søndag 11. april	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp og nattverd	
Søndag 18. april	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 25. april	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Sjømannskirken
Søndag 2. mai	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp og nattverd	Himalpartner
Søndag 9. mai	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Måndag 17. mai	11.00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese		Kirkens SOS
1. pinsedag 23. mai	11.00	Gudsteneste	Jan Tommy Fosse	Dåp og nattverd	Eige arbeid

Endringar kan komme, det kan bli påmelding på nokre av gudstenestene.
I tillegg vert det arrangert fleire dåpsgudstenester i avtale med dåpsfølget.

Følg med på nettsidene: www.kyrkja.no/oygarden

Fjell kyrkje

Døyppte

31.01.2021

Amalie Helle Sævareid
Lea Hufthammer
Amanda Heen Nordeide
Jenny Heen Nordeide

14.02.2021

Thea Kristine Sebak
Othilie Risholm Pedersen
Emily Louise Ramsdal Aase
Elliot Carin-Wiers

28.02.2021

Maria Sandal
Mikkel Espnes Thomsen
Mia Marie Hjertholm-Molde

Døde

Olav David Sekkingstad f. 1932
Lars Løvaas f. 1938
Alvin Helle f. 1932
Liv Eithun Kobbeltvedt f. 1948
Kirsten Helen Gjeitanger Fjeld f. 1948

Foldnes kyrkje

Døyppte

24.01.2021

Isak Rong
Isak Leon Arefjord

21.02.2021

Dennis Michailov Clausen

27.02.2021

Patrick Birkeland
Oliver Foldnes
Herman Imre Sivertsen

Døde

Haldis Marie Valen f. 1920
Åge Rennedal f. 1955
Tone Spjeld Visnes f. 1965

Landro kyrkje

Døyppte

31.01.2021

Ole Johan Eide Eliussen
Martine Rothe Eines

07.03.2021

Bjarne Haugen
Melissa Lokøy Sture

Døde

Natalia Heredia Roa Trengereid f. 1991
Aud Betsy Eide f. 1933
Eilert-Otto Kornelius Lie f. 1937
Annlaug Signora Eide f. 1929

Vår Herre Jesus Kristus seier "Eg er oppstoda og livet.
Den som trur på meg, skal leve om han så døyr. Og
kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

Fjell festning



Velkommen til
friluftsgudsteneste
2. påskedag 5. april
kl. 12.00
ved Jan Tommy Fosse

TRENG DU NOKON
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Fjell-ly **Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Solstrands
Begravningsbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

Din lokale elektriker!

Vestgar Elektro

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
post@vestgarelektro.no
www.vestgarelektro.no

BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75

Bjorgvin **Døgnvakt 55 20 23 00**
BEGRAVELSESBYRÅ www.bjorgvin-b.no
Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

Godfoten
FOTTERAPI

Velkommen til oss på Rong senter
Timebestilling på mob nr 94023865 eller på www.godfoten-as.no Vi har gavekort!

vopps **Takk for di gåve!**

Øygarden kyrkjelege fellesråd: 82511 Foldnes kyrkje: 76022

Basecamp RePro: 76162 Landro kyrkje: 96889

Fjell kyrkje: 80304 Merk meldingen med føremål og dato

Annonse her?

Ta kontakt med oss på mail ys487@kyrkja.no for å få prisforslag!

Kontaktinfo

Soknerådsleiarane

Fjell sokneråd:
Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

Foldnes sokneråd:
Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:
Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
tove.karin@outlook.com

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse	924 63 278
Sokneprest Bjarte Nese	915 32 437
Sokneprest Maria Tveten	450 63 016
Sokneprest Morten Torsvik	909 37 169
Prostiprest Knut Kaldestad	977 24 017
Diakon Astrid Fylling	971 75 733

Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **400 03 316** eller post.oygarden@kyrkja.no ved manglande levering.

Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:

4. mai

Livets lys startar opp igjen til hausten

Livets lys er eit tiltak i Foldnes kyrkje, og tilbodet er først og fremst for psykisk utviklingshemma og deira pårørende.

TEKST: EIVIND KAUSLAND LIE
FOTO: ELISABETH MØLL JUNG





Flere av dei som er med og arrangerer Livets lys. Frå venstre; Gerd Jorunn Vik, Eivind Kausland Lie, Torbjørn Fjøren og Olav Solsvik.

Ein fredag i månaden vert det arrangert Livets lys i kyrkja. Arrangementet har ei fast ramme: Først er det ei samlingsstund i kyrkjerommet med allsong og andakt før arrangementet vert avrunda med kveldsmat, minibasar og litt underholdning i kyrkjelydssalen. Det har no gått eit år sidan heile landet første gongen stengde ned på grunn av korona-viruset. Heilt sidan den gongen har det ikkje vore mogleg å gjennomføre desse månadlege samlingane. Smittesituasjonen er

framleis alvorleg, men vaksinen gjer at det på lenger sikt kan vere «lys i tunnelen». Dersom det vert smittevernsmessig forsvarleg, satsar vi no på å starte opp att med Livets lys i september, og dersom ingen restriksjonar hindrar oss, vil vi også slå litt ekstra på stortromma ved første høve til å samlast. Alle som er med og arrangerer gler seg til å ønske gamle og nye velkomne til Livets lys når vi vonleg kan treffast igjen til hausten.

Barne- kryssord

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Vannrett:

2. Truls Riser
3. Løp
5. guttenavn
7. søppelpost
11. bonde
12. jentenavn
14. påskesymbol
16. Herrens hage
17. anmode
18. kan vi kjøre i

Loddrett:

1. styrkedrikk
2. ...- håp og kjærlighet
3. Tor Johnsen
4. drikk
6. helligdag
8. vårens høytid
9. Anna Madsen
10. jentenavn
11. vaskemiddel
13. på toppen
15. vinterdekke

**Bli med i trekninga
av hamburger med
drikke og dessert for
4 personar på Burger
King Sartor!**



Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten: Kryssord
Frist: 11. mai

**Vinnar av Barnekryssord
i nr. 1 – 2021:**
Jonathan Nesse Tellnes
frå Tellnes



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding
til dåp og dåpskurs gå inn på
kyrkja.no/oygarden/dap

Namn.....

Adresse.....

.....



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd